

Kriterium for tildeling av idrettsstipend til unge utøvarar, støtte til tiltak barne- og ungdomsidrett og paraidrett.

Kven kan søkje

Idrettslag, idrettsråd, særkrinsar/regionar, samt medlem av idrettslag tilslutta Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite gjennom Sogn og Fjordane idrettskrins.

Kriterium for tildeling:

A. Stipend til unge idrettsutøvarar

Føremål:

Stimulere og hjelpe unge, aktive idrettsutøvarar i aldersgruppa 16-19 år til å søkje utvikling og framgang i sin idrett.

Bruksområde:

Idrettsutøvarane som får stipendet står fritt med omsyn til bruken på område utøvarane meiner kan gje idrettsleg framgang i samråd med sine trenarar, leiarar og føresette. Stipendet kan tildelast aktive utøvarar både i lagidrett og i individuell idrett.

Krav til søknad:

Utøvar søker sjølv om stipendet.

Søknaden skjer via fastsett søknadsskjema og må innehalde:

- Faktaopplysningar om søker (namn, adresse, idrettslag etc.)
- Informasjon om utøvar sine prestasjonar
- Informasjon om utøvar sine mål og ambisjonsnivå med utviklingsplan
- Utøvaren må vedlegge dokumentasjon på at ein har gjennomført Antidoping Norge sin e-læringsmodul «[Ren utøver](#)»

Tildeling:

Stipendet kan tildelast idrettsutøvarar som representerer idrettslag i Sogn og Fjordane i idrettar og greiner som er tilslutta Norges Idrettsforbund. For å bli vurdert for tildeling må utøvar halde høgt nasjonalt og/eller regionalt nivå innafør sin idrett. Stipendsum pr utøvar er kr. 10.000,-.

B. Støtteordning til barne- og ungdomsidrett

Føremål:

Stimulere til lokale tiltak for barn og ungdom under 20 år, som har til hensikt og rekruttere nye aktive og fremje at fleire er aktive lenger ved å hindre fråfall. Støtte kan gjevast til både nye tiltak og utvikling av eksisterande tiltak. Det vert ikkje gjeve støtte til anlegg og utstyr.

Søkjar:

Midlar kan tildelast særkrinsar/regionar, idrettsråd, idrettslag og særidrettsgrupper i Sogn og Fjordane i idrettar og greiner som er tilslutta Norges Idrettsforbund.

Søknaden må innehalde:

- Faktaopplysningar om søkjar
- Informasjon om tiltaket
- Informasjon om mål med tiltaket og plan for evaluering.
- Søknadsbeløp
- Budsjett

Tildeling:

Tilskot kan gjevast til ein eller fleire søkjarar forutsett at tiltaket er samsvarar med og er innafor Norges idrettsforbund sin visjon, verdier, normer og retningslinjer.

C. Støtteordning paraidrett

Paraidrett er idrett for menneske med funksjonsnedsetjing (bevegelsehemming, hørselshemming, synshemming og utviklingshemming).

Føremål:

Stimulere til nye tiltak på paraidrettsområdet og utvikling av eksisterande tiltak. Det vert ikkje gjeve støtte til utstyr eller anlegg.

Søkjar:

Midlar kan tildelast særkrinsar/regionar, idrettsråd, idrettslag og særiddrettsgrupper i Sogn og Fjordane i idrettar og greiner som er tilslutta Norges Idrettsforbund.

Søknaden må innehalde:

- Faktaopplysningar om søkjar
- Informasjon om tiltaket
- Informasjon om mål med tiltaket og plan for evaluering
- Søknadsbeløp
- Budsjett

Søknad, tildeling og rapportering

Søknadsfrist for alle kategoriane er **1. november 2019** og søknad sendast på fastsett skjema for den enkelte kategori.

For søkjarar som mottek midlar i kategori B og C er det krav om rapportering som stadfestar at tiltaket er gjennomført og at ein har brukt midlane som beskrive i søknaden. Rapport sendast Idrettskrinsen når tiltaket er gjennomført eller **seinast 1. desember 2020**.

Dersom slik dokumentasjon ikkje vert sendt innan fristen eller at heile eller deler av midlane ikkje er nytta, skal midlane betalast tilbake innan 31. desember same år.